

Elevreglement ved Fjell kulturskule

vedtatt i Fjell kommunestyre 20.06.13

Undervisning

1. Den årlege undervisninga for Fjell kulturskule følger eiga skulerute, som er på 38 veker og kan avvike noko i detalj frå skuleruta på den enkelte grunnskulen. Undervisninga føregår til vanleg måndag–fredag, men kan i somme høve bli lagt som helgeseminar. Undervisningsåret er delt i to semester, eit haust- og eit vårsemester.
2. Konsertar o.l. er ein del av undervisninga ved Fjell kulturskule. Eleven har difor plikt til å delta på slike etter avtale med lærar.
3. Dersom ein elev må vere borte frå skulen meir enn to undervisningstimar, skal eleven gi melding til kulturskulen.
4. Ønsker eleven og/eller føresette å ta opp saker som vedkjem undervisninga, skal dette gå gjennom læraren først.
5. Eleven har plikt til å møte presis og vel førebudd til timen.
6. Eleven må til kvar tid rette seg etter det ordensreglementet som gjeld på den skulen der undervisninga finn stad.

Elevplass

7. Søknad om opptak skal sendast til Fjell kulturskule på elektronisk søknadsskjema. Søkarar kan få hjelp til dette på biblioteket eller på servicetorget i Fjell rådhus. Fjell kulturskule tar atterhald om at enkelte kurs kan falle ut.
8. Dersom det er fleire søkarar enn skulen kan ta opp, blir det tatt omsyn til:
 - alder
 - ansiennitet
 - innsatsvilje
9. Ein elevplass ved Fjell kulturskule blir tildelt **ein** elev ved **eitt** kurs. Elevplassen kan ikkje overførast til ein annan person eller til eit anna kurs. Eleven kan då ha plassen inntil den blir oppsagt (sjå vidaremelding nedanfor).
10. Dersom elev- og undervisningsreglement blir oversett, eller ein elev viser ei framferd som hindrar arbeidet i kulturskulen, kan rektor etter samråd med lærar utvise eleven for kortare eller lengre tid. Kontingenten blir ikkje refundert for ein elev som er blitt utvist. Dei føresette skal på førehand ha blitt informert om saka, og dei har rett til å anke avgjerda (forvaltningslova, kapittel VI).

Vidaremelding

11. For å overføre ein elevplass eller plass på ventelista til eit nytt skuleår må eleven meldast vidare. Det blir sendt ut e-postpåminning om dette (elektronisk lenke) om våren. Er eleven ikkje meldt vidare innan oppgitt frist, blir det oppfatta som oppseiing.

Betaling

12. Kontingent skal betalast på forskot. For å unngå å betale for ein ubrukt elevplass for vårhalvåret må plassen seiast opp seinast 1. desember.
13. Elevane må sjølv kjøpe det materiellet dei får bruk for. Undervisning i større grupper som kor o.l. kan vere unntatt frå denne regelen.
14. Dersom tvingande grunnar – t.d. flytting frå kommunen eller lengre sjukdom, dokumentert med legeattest – hindrar eleven i å møte til timane, kan ein søke om å få refundert kontingent.
15. Det blir ikkje gitt moderasjon i kontingent for fridagar, feriedagar og planleggingsdagar. Det blir heller ikkje gitt moderasjon eller refusjon for timar som eleven ikkje brukar, og læraren er ikkje forplikta til å ta igjen slike timar.
16. Dersom timar blir avlyst av Fjell kulturskule, er skulen ikkje forplikta til å ta igjen desse timane. Timar som blir avlyst kan gi redusert kontingent dersom timane utgjer ein stor del av undervisninga.
17. Når særlege grunnar tilseier det, kan rektor for Fjell kulturskule innvilge heilt eller delvis gratis undervisning. Søknad om gratis undervisning skal sendast til Fjell kulturskule, og blir behandla konfidensielt. Avgjerda kan ankast (forvaltningslova, kapittel VI).
18. Kommunestyret kan i samband med budsjettbehandlinga endre kontingentsatsane for andre halvår. Dei nye satsane blir kunngjort på Fjell kommune si nettside i januar, med ein frist på 15 dagar for å seie opp elevplassen.
19. Manglande betaling blir behandla som oppseiing frå det tidspunktet den ubetalte fakturaen blir sendt til inkasso. Eleven misser plassen sin ved Fjell kulturskule frå same tidspunkt.

Oppseiing

20. Elevplassen kan berre seiast opp ved å vende seg til Fjell kulturskule ved hjelp av elektronisk skjema, eventuelt munnleg eller skriftleg direkte til kulturskuleadministrasjonen. Melding til lærar er ikkje gyldig oppseiing. Oppseiing er gyldig når den er stadfest skriftleg av Fjell kulturskule.